



# Framtidas Os Valprogram for Os Venstre

for perioden 2015-2019



# Framtidas Os. Ny giv med Venstre

## Kjære veljar!

Os er den flottaste kommunen i Norge der den ligg mellom fjordar og fjell. Det er stor folkevekst, høgt aktivitetsnivå og mange grunnar til optimisme. Samtidig er det ei rekke utfordringar både innan kommunen og ellers i verda som må løysast. Venstre har både løysningar og det unge pågangsmotet som skal til.

Venstre tenkjer langsiktig og bur seg til dei store endringane vi veit kjem i framtida. Vi vil ta vare på Os sin eigenart og samstundes vere opne og inkluderande. Det viktigaste er å verne luft, jord og vatn. Det alle må ha. Det vi skal gje vidare til nye generasjonar.

### Os Venstre har følgjande hovudsaker:

- ✓ Grøn vekst
- ✓ Fleire lokale arbeidsplassar.
- ✓ Storsatsing på innhald i skulen.
- ✓ Vern av Bjørnafjorden.
- ✓ Kontrollert utbygging.

Til tross for den store folkeveksten i Os er det skapt få arbeidsplassar. Talet på arbeidsplassar i kommunen er på same nivå som i 2007. Skal Os bli meir enn ein pendlarkommune må vi ha ein

offensiv og konkret næringspolitikk.

Borna er framtida vår. Skulen er den viktigaste faktoren i borna sin oppvekst. Å satsa meir ressursar her er ikkje ein kostnad, men ei investering for framtida.

Sitjande styre i Os skryt av at vi er ein "Ja" kommune med rask saks-handsaming i areal og byggjessaker. Er det berre positivt? Venstre vil ha ein utbyggings-politikk som er rettferdig, mindre tilfeldig og som tar vare på dei mange sterke kvalitetene i Os.

Det var Os Venstre som starta ordskiftet og motstanden mot bru over Bjørnafjorden. Vi vil verne fjorden. Indre trase er betre og framleis eit reelt alternativ.

I programmet finn du eit utval av saker som vi arbeider for å få til. Os Venstre er eit sosial-liberalt parti som set folk først og tar ansvar. Vårt mål er å gjere Os til ein enda betre kommune for både dei som bur her og dei som besøkjer oss.

Hjelp oss med det! - Godt val!

**Jon Sivert Sundøy Rykkel**

- ordførarkandidat -



## Miljø

Venstre er det største miljøpartiet i Os kommune. Vi har over fleire år kjempa for å gjere Os til ein meir miljøvennleg kommune. Det er ikkje nokon tvil om at det med dagens styre i Os har vore vanskeleg å få gjennomslag for nye idear. Likevel har vi fått gjennomslag for fleire tiltak, mellom anna dei første kommunale elbilane

Vi har som ambisjon at kommunen skal ha konkrete mål for å redusere energibruken. Os Venstre ønskjer at miljøplanen til kommunen skal vere eit førande styringsdokument. Kommunen bør gå føre som eit godt eksempel i miljøsatsinga, ikkje

minst i utbyggingssaker.

Etableringa av Lyseparken næringspark i Endelausmarka bør ha eit miljøperspektiv. Her har Os eit unik høve til å bygge ein grøn og framtidsretta næringspark.

### **Venstre vil:**

- ✓ Kjøpe fleire kommunale elbilar.
- ✓ Søke tilskot til klimatiltak.
- ✓ Tenke miljø i utbyggingssaker.
- ✓ Ta i bruk miljøvennleg teknologi.
- ✓ Gjere bruk av solcellepanel på offentlege bygg.
- ✓ Utreda høve til å kople på fjernvarme frå Rådalen.
- ✓ Ikkje ha kolselskap i Os sin aksjeporfølgje

# Ein god skule der du bur[.]

*Skulen er ein del av grunnvollen i samfunnet vårt. Os Venstre ønskjer ei offensiv satsing på innhaldet i skulen.*

Vi er heldige i Os kommune. Det er mange fantastiske lærarar, rektorar, assistentar og anna personell tilsett ved skulane. Vår jobb som politikarar er å legge til rette i størst mogleg grad for å gje medarbeidarane best mogleg vilkår for å gjere jobben sin. Diverre er det ikkje slik i Os kommune i dag.

I den siste årsrapporten skildrar kommunalsjef for oppvekst og kultur ein situasjon der det ikkje er tilstrekkeleg rom for å styrke basisfaga, drive tilpassa opplæring og møte dei som har rett til spesialundervisning. Ein slik situasjon er ikkje akseptabel for Os Venstre.

Vi meiner vi må ha ei meir offensiv satsing på skulen. Det vil seie at kommunen bør følgje opp PPT-vedtak med direkte pengar ut til skulen, slik at dei kan følgje opp med spesialundervisning til dei elevane som har krav på dette. Vi vil prioritere tiltak som vil gjere det lettare for læraren å drive tilpassa

opplæring for elevane.

Lærarane får stadig fleire oppgåver på seg. I tillegg til ordinær undervisning må dei bruke mykje tid på kontakt med instansar utanfor skulen, som mellom anna PPT og helsestøster. Det fører til at lærarane får mindre tid til å førebu undervisning og må bruke meir tid på papirarbeid og møte.

Os Venstre vil prioritere innføring av sosiallærar i skulen. Ein sosiallærar kan avlaste lærarane når det gjeld papirarbeid og kontakt med det kommunale apparatet. Ei anna sentral oppgåve for sosiallæraren vil vere å følgje opp elevane i skulekvardagen.

## **Venstre vil:**

- ✓ Styrke PPT/tilpassa opplæring.
- ✓ Frigjere meir av læraren si tid i skulen.
- ✓ Sette av pengar som skal følgje PPT-vedtak ut til skulane.
- ✓ Opprusting av skuleplassar.
- ✓ Etablere sosiallærar i skulen.
- ✓ Bygge ny skule aust om elvo.
- ✓ Handverk, musikk og formingsfag må styrkast.

# Idrett

*Os har eit engasjert og mangfaldig idrettsmiljø. Kommunen må jobbe aktivt for å støtte opp under idretten.*

Os Venstre meiner at kommunen må satse offensivt på bygging av idrettsanlegg i krinsane. Det inneber at kommunen skal kome med økonomisk stønad til private initiativ som til dømes kunstgrasbanar.

Vi vil jobbe for eit tettare samarbeid mellom skulen og idrettslag. Som følgje av dette vil vi gje økonomisk stønad til Os Turn sitt prosjekt Os-modellen, der målet er mellom anna å få eit pedagogisk tilbod til fotballfritidsordninga. Vi er open for ein liknande stønad til andre idrettslag med tilsvarende prosjekt.

## Venstre vil:

- ✓ Jobbe for idrettsgymnas i Os.
- ✓ Satse på tettare samarbeid mellom skule og idretten.
- ✓ Støtte Os-modellen til Os Turn.
- ✓ Likestille årleg stønad til idrettsanlegg.
- ✓ Arbeide for idrettshall / allaktivitetshus i Halhjemsmarka og på Søfteland

# Kultur

*Os Venstre vil i tillegg til å støtte opp om dei mange gode lag og foreningar satse på dei profesjonelle innan kultur og medianæringene.*

Oseana er ein suksess vi meiner har eit enda større potensiale. For å skape enda meir aktivitet i kulturhuset trengs det fleire lavterskeltilbod som kan føre til at enda fleire oppsøker huset også utanom dei større arrangement.

Osøyro har lange og sterke tradisjonar innan handverk og kultur. Vi vil arbeide for fleire møteplassar, mediatek, visningsrom for hand-/ kunsthandverkara/kunstnara, samt bygg for kultur og medianæringer i sentrum.

## Venstre vil:

- ✓ Utvikle møtestader for ungdom på Osøyro.
- ✓ Vidareutvikle Oseana med ny sal og bibliotek.
- ✓ Etablere mediatek kombinert med visningsrom og kafé i Osøyro.
- ✓ Satse målretta på profesjonelle kulturaktørar og styrke samarbeidet mellom dei kommunen og Oseana.
- ✓ Arbeide for eit bygg for kultur & medianæringa på Osøyro.

# Planmessig utbyggjing og grøn vekst[.]

*Os er ein av kommunane i landet som veks raskast. Ein slik vekst skaper fleire store moglegheiter for kommunen, men byr òg på ein del utfordringar.*

Den viktigaste jobben for politikarar er å leggje til rette for at kommunen kan handtere veksten som kjem dei neste åra. Det gir politikarane eit ansvar for å finne gode løysingar når det gjeld veg, skule, barnehagar, sjukeheims-plassar og liknande.

Os Venstre meiner det er på tide med ein ny kurs når det gjeld utbyggingspolitikken i Os. I for lang tid har store utbyggjarar fått etablere bustader i område som ikkje har den naudsynte infrastrukturen lagt til rette. Det er viktig at vi planlegg utbygginga på ein måte som gjer at vi kan vekse kontrollert.

Kontrollert vekst vil seie at vi til dømes byggjer i område vi veit at vegnettet kan handtere veksten og at vi har skuleplassar til elevane som kjem. Det er viktig å ha ein

open og konstruktiv dialog med naboar i store utbyggingssaker for å gjere prosessen så god og ryddig som mogleg.

Av dei mange bustadane som blir bygt i kommunen er det dverre ikkje mange i ein prisklasse som er realistisk for unge vaksne. Os Venstre ønskjer å satse på utbygging av rimelege ungdomsbustader i kommunal regi.

## Venstre vil:

- ✓ Ha ein utbyggingspolitikk som er rettferdig, mindre tilfeldig og som tar vare på dei mange sterke kvalitane i Os.
- ✓ Ha færre dispensasjonar i utbyggingssaker.
- ✓ Betre busstilbodet i og til/frå Os.
- ✓ Betre vegane ut til krinsane.
- ✓ Fleire og betre gang og sykkel-vegar.
- ✓ Leggje press på Vegvesenet for støyreduserende tiltak langs Halhjemsvegen E39.
- ✓ Gjennomgå arealplanen og omprioritera for å få ei meir miljøvenleg utbyggjing.
- ✓ Setje klare krav til utbyggjarar og følgje opp at desse krava vert fulgt.



# Vern Bjørnafjorden.

*Os Venstre starta motstanden mot bru over Bjørnafjorden med eit folkemøte i Øyane, hausten 2012.*

Etter det har Venstre og 2. kandidat Glenn Erik Haugland vore tonegivande i kampen mot å hindre ei rasering av Bjørnafjorden.

Os Venstre har heile vegen jobba aktivt for indre trasé via Fusa. Vi meiner at regjeringa må skrinleggje

det midtre alternativet då det både er for dyrt, vil føre til auka CO<sub>2</sub> utslepp og er øydeleggjande for naturen.

Indre trasé er best for Os kommune og hele regionen. Her er det også hove til å få på plass ei toglinje, som no er skrinlagt for det midtre alternativet.

## **Venstre vil:**

- ✓ Stansa arbeidet med bru over Bjørnafjorden og motorveg gjennom Moberg og Kuven.
- ✓ Arbeide for ferjefri E39 med tog over Fusa og Tysnes.
- ✓ Betre tilgang til og flere friluftsområder i skjærgården.
- ✓ Stimulere til etablering av nye, grøne næringar i Bjørnafjorden.

# Nye arbeidsplassar i Os[.]

Å leggje tilrette for nye arbeidsplassar i Os er jobb nr. 1. Å skape fleire arbeidsplassar handler ikkje om å satse alt på eit kort, men eit spekter av tiltak og initiativ. Fleire lokale arbeidsplassar vil redusere pendlinga ut av Os og er difor det viktigaste miljøtiltaket.

Sjølv om Os kommune har sett stor vekst i folketallet, har fleire store bedrifter blitt lagt ned dei siste åra. Det fører til at mange osingar har mista arbeidsplassen sin. Os kommune har vorte ein pendlar-kommune. Sidan 2007 har antall arbeidsplassar ikkje auka i takt med veksten i folketal.

Os Venstre meiner at kommunen bør vere ein offensiv kommune innan næringsliv og gründerverksamhet. Målet vårt er å skape varige og solide arbeidsplassar i Os. Både arbeidsplassar innan industri og miljøvennlege bedrifter bør

prioriterast, og vi må satse på fleire kompetansearbeidsplassar i kommunen.

Vi vil sikre at næringspolitikken i Os er kreativ og står på fleire bein enn den gjer no.

## Venstre vil:

- ✓ Aktiv støtte til gründarar. Nytt næringsfond og communal næringslivsvert. Tett samarbeid med Os Næringsråd.
- ✓ I samarbeid med Skatteetaten og andre offentlege innstans, gjøre det enklare å drive små og mellomstore næringar.
- ✓ Leggje til rette for arbeidsplassar på Osøyro.
- ✓ Eit sterkare politisk fokus på næringslivsutvikling og aktivt samarbeid med innstansar som Innovasjon Norge.
- ✓ Stimulere nye næringar som til dømes dyrking av tang og tare til bio-drivstoff, mat og medisinar.
- ✓ Arbeide for oppretting av linje for Media og Kommunikasjon på Os vgs.
- ✓ Arbeide for senter for maritime næringar på Halhjem kai.

# Helse og Omsorg[.]

**Venstre ser på helse som resultatet av det fysiske og sosiale miljø ein skapar, tjenester som blir produsert og tilbydd, og kvar enkelt sine haldningar - frå vøgge til grav.**

**Omsorg er det vi føler og opplever i møte med andre mennesker.**

## Helse

Kvar og ein har ansvar for si eiga helse. Førebyggjing er det beste, og her bidreg kommunen på mange ulike arenaer og måtar gjennom livsløpet til innbyggjarane. Å skape arenaer der folk kan utfalde seg og møtast både fysisk og sosialt er viktig. Tidleg innsats for åoppdage og ta tak i problem hos born og unge i barnehage og skule må det satsast meir på.

Kommunen må leggje til rette for at hjelp er tilgjengeleg når ein treng det.

## Venstre vil:

- ✓ Investere i folkehelsa ved ei kraftfull satsing på friluftslivet - få fleire ut på tur.
- ✓ Styrke barn- og ungdomspsykiatrien

## Omsorg

Størsteparten av omsorgstjenestene som kommunen tilbyr går til eldre og sjuke. Dette tar ein stor del av kommunen sine midlar. Vi veit at det vil bli ein sterk auke i behov for omsorgstjenester framover. Kan tjenestene produserast på andre måtar til ein lavare kostnad, utan at kvaliteten på tjenestene bli dårligare?

I Nederland vart det i 2006 starta forsøk med «naboomsorg». Hovedmåla var at trengande skulle kunne bu heime lengst mogeleg. Samstundes vil ein sikra at kvalifisert helsepersonell produserer helsetjenester og brukar minst mogeleg tid på administrasjon. Dette har vore ein stor suksess og er kopiert av fleire land.

## Venstre vil:

- ✓ Sørgje for at kommunen er aktiv og framsynt gjennom å prøve ut nye løysningar innan omsorgstjenester.
- ✓ Styrke rusomsorga ved å satse på gode førebyggjande tiltak for ungdom og aktivitetstilbud for LAR - pasientar
- ✓ Opprette ei permanent diakonstilling
- ✓ Auka støtta til frivillege tjenester som besøksvenner o.l.
- ✓ Tilretteleggje område for bustadbygging med tanke på eldre og omsorgstrengjande
- ✓ Styrke barnevernet

# Slik ønskjer Venstre at Framtidas Os skal bli: [.]

*Venstre meiner at Os treng ein ny giv. Etter 16 år med same regimet er det på tide å justere kurser. Venstre set folk først og vil gje osingane større høve til å påverke politikken. Os treng meir openheit rundt dei mange viktige avgjerda som folk må leva med. Vi vil byggja Os for framtida saman med alle osingar.*

Framtidas Os handlar om at borna dine får det aller beste skuletilbodet.

Framtidas Os handlar om kort veg til arbeidsplassen.

Framtidas Os handlar om fine buområde med gode vegar, buss-tilbod og eit rikt kultur og idrettstilbod.

Framtidas Os er grøn som skogen og blå som fjorden. Bjørnafjorden skal framleis få vere ein open og stille fjord og ikkje ein passasje for ei støyande firefelts asfaltstripe

## Framtidas Os er her no[.]

Os Venstre har hardtarbeidande politikara som følgjer opp dei som kjem til oss med ønskje og gjer noko med det. Du kan stole på oss, for vi held ord.

Klima og miljøpolitikken går igjen i all vår politikk. Den kommunale bilparken, kommunale bygg og forvaltninga av fond og aksjer skal styrast slik at klimagassutslepp blir redusert.

Ved å setje fokus på innhaldet i skulane, vil Os Venstre ruste skulane opp til eit godt læringsmiljø. Ein god skule er ein viktig del av Framtidas Os.

### Venstre vil:

- ✓ Gjenoppbygge tilliten til politikarane i Os med større openheit om beslutningane. Venstre vil arbeide for ein livleg debattkultur bygd på respekt og stor takhøgd.
- ✓ Gjennomføre ei rekke tiltak for å få fleire arbeidsplassar i Os.
- ✓ Satse på skulen. Gi borna det aller beste skuletilbodet.
- ✓ Rydde opp i utbyggingspolitikken og planlegg for ei grøn framtid.



# Vestlandsregionen

## *Ein Vestlandsregion for framtida*

Hordaland må møte framtida som ein del av ein konkurransedyktig folkevald vestlandsregion. For Venstre er det å skape ein region som er leiande på miljø, nyskaping, kultur & idrett og som gir alle ein førsteklasses skulegang det viktigaste i denne perioden.

### Fylkeskandidatar:

- 1 Anne-Beth Njærheim, Bømlo
- 2 Geir Kjell Andersland, Bergen
- 3 Geir Angeltveit, Stord
- 4 Elizabeth Toft Erichsen, Sund
- 5 Torstein Gunnarsson, Voss
- 6 Ingrid Handeland, Kvinnherad

### **På fylkestinget vil Venstre:**

- ✓ Jobbe for at alle lærlingar får lære plass
- ✓ Byggje «parker & reis-anlegg» med ladepunkt for elbil og sykkelparkering på viktige kollektivknutepunkt
- ✓ Arbeide for eit felles billett-system på all kollektivtrafikk
- ✓ Ha individuell tilrettelegging for å redusere fråfallet i VGS
- ✓ Ruste opp Bergensbanen slik at den blir konkurransedyktig med fly
- ✓ Styrke satsinga på ungt entrepenørskap

# Venstre sine kandidatar i Os



**1. Jon Sivert Sundøy Rykkel  
(f.1990), Nore Neset**  
Lærervikar  
Opptatt av skule, idrett og planmessig utbyggjing.



**2. Glenn Erik Haugland  
(f. 1961) Søre Neset**  
Komponist & kultur-entrepenør. Opptatt av vern av Bjørnafjorden nye arbeidsplassar i Os, skule og kultur.



**3. Mari Lund Eide (f. 1992)  
Os Vest**  
Lektorstudent  
Opptatt av ei større satsing på skule og betre tilrettelegging for idrett og kultur.



**4. Sveinung Stensletten  
(f. 1960) Søfteland**  
Rådgjevar IKT  
Opptatt av planmessig utvikling av lokalsamfunnet for å verne miljøet og skape god livskvalitet for alle.



**5. Astrid Dale (f. 1953) Søre Øyane**  
Fiskebåtreder  
Opptatt av å verne Bjørnafjorden og sikra eit betre læringsmiljø i Os-skulen.

**6. Terje Hatvik  
(f. 1964), Hegglandsdalen**

**7. Ingebjørg Skutlaberg  
(f. 1967), Søre Neset**

**8. Thorstein Skårnes  
(f. 1983), Lyesfjorden**

**9. Einar Heggland  
(f. 1951), Hegglandsdalen**

**10. Eirin Maria Larsson Aga  
(f. 1996), Nore Neset**

**11. Egil Haugland  
(f. 1947), Søre Neset**

**12. Torodd Kinn  
(f. 1967), Os Nord**

**13. Jan Ove Hansen  
(f. 1968), Os Nord**

**14. Elisabeth Haugland  
(f. 1944), Os Vest**

**15. Inger Marie (Mia) Fimreite  
(f. 1960), Os Aust**

**16. Simon Hatleli Aasen  
(f. 1992), Søfteland**

**17. Hjørdis Juvik  
(f. 1943), Os Vest**

**18. Helge Kjellevold  
(f. 1949), Nore Neset**

**19. Tommy Espeland  
(f. 1990), Os Aust**

**20. Sturle Gaasand  
(f. 1971), Os Vest**

**21. Arne Kristian Kolstad  
(f. 1970), Os Nord**

**22. Jarle Strønen  
(f. 1954), Nore Øyane**

**23. Else Marie Nordland  
(f. 1941), Lysekloster**

**24. Kjersti Herdlevær  
(f. 1959), Søfteland**

**25. Pål Heimtoft  
(f. 1971), Nore Neset**



Les mer på våre nettsider:  
[www.venstre.no/osihordaland](http://www.venstre.no/osihordaland)

**Facebook:OsVenstre**

**VENSTRE**